

Til: Jakob Andre Sandal i Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Vassforskrifta, regulerte vassdrag og miljømål

No skal de regionale vassforvaltningsplanane etter utarbeiding i over seks år opp i fylkestinget. Vi har blitt merksame på at LO, NHO og Energi Norge og fleire regulantar jobber hardt for at fylkesutvalet skal endre i forslaget til vassforvaltningsplan i siste sving før den skal vedtas i fylkestinget. Miljø- og friluftslivsorganisasjonene i Norge vil med dette oppfordre på det sterkeste til at tilliten til vassregionmynda sine faglege og helskaplege avveiningar etter 6 år med intenst planarbeid ikkje endres på vesentlege punkt!

Det er eit solid arbeid som er gjort i Vassregionen og i Vassområda, gjennom heile den demokratiske prosessen bak den føreslegne vassforvaltningsplanen slik den vart godkjent i Vassregionutvalget (VRU). Over seks år med intenst arbeid er lagt ned, med eit sterkt engasjement frå blant anna kommuner, sektormyndigheter, fylkesmenn, frivillige organisasjonar og regulantar. Vi veit at lokal og regional kunnskap har vore avgjerande for regional prioritering i utarbeidinga av vassforvaltningsplanen, noke som burde vege svært tungt. Fylkesmennene, NVE og vassområda med kommunale ressurser har delteke i vurderingane av regional prioritering mellom 1. og 2. gangs høyring.

I eit regionalt planarbeid har fylkeskommunane plikt til å leggje vekt på lokale samfunnsmessige omsyn som kommunane meiner er viktige for dem. Ei overprøving av dette vil medføre ein direkte svekking av lokaldemokratiet og ei undergraving av heile den 6 år lange planprosessen som ligg til grunn for planforslaget.

Vilkårsrevisjoner som miljøforbedrende verktøy

Vassdragsnaturen vår har stor betydning for befolkningen i form av opplevelser og livskvalitet knyttet til fiske og friluftsliv. Økosystemtjenester elvene gir oss er uvurderlege – som vassdraga si evne til å rense vann, elvene sine bidrag i å regulere det lokale klima, helsevinsten hos vandreren som nyter lyden av fossen og synet av elva i landskapet, de unike laksestammene som gir oss god og sunn mat – og så denne fantastiske moglegheiten til å omdanne fossande vatn til elektrisk strøm.

Olje- og energidepartementet og Klima- og miljødepartementet har fått gjennomført ein [nasjonal gjennomgang](#) og prioritering av de kommande revisjonssakene. Dette er ein nasjonal vurdering av kor man kan oppnå stor miljøforbetring med akseptabelt krafttap. Beregna krafttap for å få betydeleg miljøforbedring er under 1 % av den nasjonale produksjonen. Dette vil ha lita betydning sammenlignet med de utbygginger som er omsøkt eller allerede har fått konsesjon, og dessuten den økte nedbøren som følger av klimaendringene. Det vil også bli mulig å finne vinn-vinn løysingar for vasskraft og miljø, som å kombinere miljøforbetring med teknisk opprusting og tilpassa vassføringsregimer, slik at produksjonstapet for å nå ønsket miljøvinst reduserast ytterlegare.

Rapport 49:13 fra NVE og Miljødirektoratet, om Vannkraftkonsesjoner som kan revideres innen 2022, er ingen fasit på kva for vassdrag som skal få prioritet for revisjon, men er eit innspill til moglege prioriteringar som kan vere retningsgivande for vassregionene. Slik det står i rapporten:

«Hovedformålet med prosjektet er å utarbeide en oversikt over hvilke vassdrag eller vassdragsavsnitt der de samfunnsmessige gevinstene av mulige miljøforbedringer antas å overstige de samfunnsmessige kostnadene i form av redusert fornybar og regulerbar kraftproduksjon. (...) Den nasjonale gjennomgangen av vassdragene vil være et viktig innspill ved fastsettelse av miljømål for disse vassdragene»

Å la kraftproduksjonen øydeleggje de økologiske forholda for fisk, insekt, botndyr, kantvegetasjon osv. er ikkje akseptabel praksis i dag. Dermed burde det også vere naturleg å starte å rydde opp i «gamle synder», der konsesjoner ble gitt i ein tid før man i det hele tatt hadde starta å tenke på miljøkonsekvensane av å tørrleggje ei elv. Annan industri har fått modernisert miljøkrava løpande når man har fått ny kunnskap eller endra samfunnsaksept, medan vasskrafta har vore friteke frå moderniserte miljøkrav. No er tiden overmoden for å revidere fleire av desse gamle vasskraftkonsesjonane.

Status quo er ikkje eit alternativ

Vi er klar over at Energi Norge m.fl. framfører ei tolking av regelverket kor dei påstår at standardmiljømålet for regulerte vassdrag, såkalt «*godt økologisk potensiale*», regelmessig kan settes til dagens tilstand, utan krav til korkje minstevassføring eller andre tiltak. Dette er ikkje i tråd med EU kommisjonen sin tolking av regelverket, og vil i ytterste konsekvens vere i strid med vassforskrifta og direktivet.

Vasskraft og framtidsretta forvaltning lar seg foreine om kraftbransjen er viljug til å ta eksisterande og ny kunnskap i bruk. Dette kan bli ein vinn-vinn-situasjon der vasskraft vert meir miljøvenleg, ved at den forutan å bidrege med fornybar energi, betre vil ta i vare artsmangfaldet. Det er utvikla god metodikk i miljødesign i regulerte vassdrag. Denne tilnærminga tek sikte på å oppnå vinster for både kraftproduksjon og livsvilkår for levande liv i og av vatnet.

Fylkestingene har ei viktig oppgåve med å balansere omsynet til fornybar kraftproduksjon på den eine sida, med omsynet til vassdragsnatur og befolkninga si livskvalitet på den andre sida, og gjennom dette bidra til ein vinn-vinn situasjon.

Særleg for dei fylkestinga som har eigarinteresser i vasskraftverk, er det eit stort ansvar å balansera interessene slik at man ikkje framstår som bukken som passer havresekken i vår vassdragsnatur. Her kan dei nasjonale føringane som er gitt vere ein støtte for fylkespolitikarar til å avgjere kva som er eit nasjonalt ambisjonsnivå for nytteverknader i form av miljøforbetring opp imot kostnader i form av akseptabelt produksjonstap.

Vi førutsett at fylkesutvalet/fylkestinget legg til grunn at de konkrete miljømåla som er nedfelt for sterkt modifiserte vassforekomster (regulerte vassdrag) i planperioden 2016-2021 er innafor rammen av dei nasjonale føringane, og representerer ein tydeleg samfunnsnytte i form av miljøforbetringar.

Med venleg helsing

Elisabeth Dahle

Koordinator i Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane

Norges Jeger- og fiskerforbund i Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane Turlag

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Gloppen padleklubb

Fortidsminneforeningen i Sogn og Fjordane

Forbundet Kysten, lokalaga i S&Fj ved Hornelen Kystlag

Norges Speiderforbund